

## Testar isen på Fjellandsbøvatnet - ver varsam !

25.11.2018



Chris Fossli testa isen på Fjellandsbøvatnet i dag, Han og borna heldt seg langs landet på grunt vatn.

**Med 4 - 5 minusgrader på natta har det lagt seg is på Fjellandsbøvatnet. Chris Fossli og borna testa isen i dag. Isen vart målt til 3 - 5 cm. Det er i minste laget til at isen er trygg. Familien Fossli hadde med skøyter og sikringsutstyr. Dei fann det forsvarleg å laga seg ein liten bane langs landet på grunt vatn.**

Chris Fossli hadde med isøks og bergingstau. Han var tett på borna heile tida og hadde ein klar beredsskap om noko skulle skje. No er det ikkje alle som har slik erfaring som den kjende fjellklatraren. Difor er det ikkje til forsvarleg å sleppa born og andre til på isen enno.

Om veret og kulden held seg, kan det truleg vurderast å ta isen i bruk ut i neste veke.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal